

For eit sprekt og tøft show!!

28.06.2017



Fornøgte og glade deltakarar og instruktørar etter showet.

Makan til showet som vi opplevde i Aktivitetshuset onsdag, har vi aldri opplevd i Uskedalen. Rett nok har vi opplevd smakebitar på cheerleading under to av FestidaGen-showa, men her var det ei heil førestilling med halsbrekkande og imponerande stunts og ballansekunst som resulterte i gisp og hyl avløyst av klappsalar frå publikum.



Svært dyktige instruktører: Alexander Soliman, Stian L. Helle, Nicole Ims og Christer Haga. Legg merke til t-skjortene med den flotte logoen.

CheerCamp Uskedalen har pågått sidan laurdag med treningar 4-5 timar kvar dag. Resultatet fekk vi sjå på avslutningsshowet onsdag for eit ganske stort publikum. Instruktørane sa før showet at både dei og elevane var spente, men dei gav mykje ros til deltakarane på campen. Dei hadde vore både lærevillige, disiplinerte og veldig, veldig greie.

Eg vart veldig imponert over det som vart vist. Her fekk vi sjå luftige kast, flott ballansekunst, deltakarar som slo hjul i ulike formasjonar og mykje, mykje meir. Det heile føregjekk i stort tempo, og det var tett mellom dei velfortente klappsalvane frå publikum. Ein stor del av publikum var foreldre, søsken, besteforeldre og andre slektningar og det var god grunn for nervøse hyl enten det var ved luftige kast eller ballanseringskunst på ein fot i god høgde. Eigentleg skjøna eg etter kvart at alle kunne slappa godt av. Både deltakarar og instruktørar hadde imponerende kontroll! Dette var verkeleg TØFT!!

Kursdeltakarane viste programmet to gonger, og mellom dei var det tid både for oppvisning av instruktørane og kaffi og kaker. Oppvisninga var tøffe saker av dei 4 spreke ungdommane. Aller sterkast inntrykk gjorde det nok då dei tre gutane kasta Nicole mest under taket, men dei tok trygt imot ho då ho landa.

Kaffi og kaker var det også. Nokre av kakene hadde instruktørane hatt med seg, medan ein god del foreldre hadde også engasjert seg og stilte med godt bakverk.

Etter showet var det berre veldig fornøgdde folk i hallen. Instruktørane syntes det hadde vore kjempekjekt, og dei har allereie planar å koma tilbake neste sommar. Deltakarane, som kom frå heile Kvinnherad, var veldig, veldig fornøgdde med lærarane og det dei hadde opplevt på campen. Heile 29 skreiv seg på liste at dei var interessert i å vera med til neste år, deriblant alle som var med i år. Eit solid bevis på kor kjekt det hadde vore.

Før showet starta fortalde mormor Ingvill Bjelland at barnebarnet Mathilde frå Halsnøy hadde sagt at ho var lei seg fordi det snart var ferdig. Det trur eg mange av deltakarane var. Då er det godt å vita at det er planar om CheerCamp Uskedalen 2018 om eit år. I mellomtida kan dei driva sjølvtrening. Instruktørane har nemleg laga ein instruksjonsDVD. Den kan bestillast og kostar berre 50 kr.

Vi kan seia at CheerCamp Uskedalen er eit resultat av FestidaGen. Det var der denne tøffe idretten vart introdusert først her i kommunen, og det var kontakt med nokre av instruktørane. Merkverdig nok var det berre jenter som deltok i år, men cheerleading som er ein konkurranseidrett er også på full frammarsj blant gutar. Her i kommunen heng vi såleis litt etter, men eg er sikker på at det er ein del gutar som er tøffe nok til å vera med neste år.

Dersom de ikkje har lese det vi har skrive om CheerCampen før, kan de klikka [HER](#):

Vi håpar å presentere video frå det flotte showet. Medan de ventar på det, får dei kosa dåke med bileta nedanfor.



Stilig!



Nicole held balansen.



Meir balansekunst.



Nicole i eit av sine luftige svev.



Samarbeid og balanse.



Luftig og tøft!



Elegant og trygt på ein fot!



Tøff mamma klar til luftig svev, Edel Karin Lægland





Høgt opp i lufta!



Imponerende samarbeid! Her stolar dei på kvarandre.



Vinkar til imponert publikum.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland